


Årsmelding 2025



INNHALD

3. Vedtekter
4. Styrets arbeid
5. Strategiplan
6. Kommentar frå dagleg leiar
7. Organisasjon / verkstaden
8. Økonomi
9. Produksjon
10. Lærlingar / marknadsføring
11. Formidling
12. Festival / kurs
13. Opplæring / "Håndlaget"
14. Generelt for Oselvarverkstaden
15. Signatur



VEDTEKTER

for Stiftinga Oselvarverkstaden

§ 1 Namn og forretningsadresse

Stiftinga Oselvarverkstaden vart skipa i 1997 av Os kommune (Bjørnafjorden kommune) og Os Båtbyggjarlag i samarbeid med Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune). Namnet er Stiftinga Oselvarverkstaden. For alt som ikkje er regulert av desse vedtektene, gjeld lovgjevinga om stiftingar.

Adressa er: Stiftinga Oselvarverkstaden, Hamnevegen 41, 5200 Os

§ 2 Føremål

Føremålet er å ta vare på båtbyggjarhandverket som gjeld oselvaren, i pakt med tradisjonar og strenge krav til kvalitet. Dette skal ein oppnå ved at:

- A. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein tek vare på og utviklar spiss-kompetansen med bygging av små trebåtar.
- B. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad for dei fylkeskommunale lærlingane.
- C. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der handverket kan vidareførast som ei livskraftig næring.
- D. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein vil formidla kunnskap om handverket og bruken av båten.

§ 3 Grunnkapital - Grunnkapitalen er på kr 50 000

§ 4 Styret

Styre for Stiftinga Oselvarverkstaden har fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde slik:

- Bjørnafjorden kommune - ein medlem
- Vestland fylkeskommune - ein medlem
- Dei fast tilsette på Oselvarverkstaden - ein medlem
- Styret for stiftinga vel to styremedlem. Ein medlem skal vera frå norsk museumsmiljø og bør ha relevant kompetanse innan tradisjonell båt- og kystkultur.

Funksjonstida til styremedlemmane følgjer kommunestyreperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Styremedlem kan attveljast utan tidsavgrensing. Styret er vedtaksført når minst 3 medlem er til stades. Står røystene likt avgjer røysta til leiaren. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter fast på styremøta. Styret kan i ein skilde høve også gje andre møte- og talerett.

Styre tilset og kan seia opp dagleg leiar og båtbyggjarar, og fastset kven som skal ha det faglege ansvaret. Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap som dagleg leiar legg fram, og vedtek budsjett. Styret kan også vedta strategiske planar for drifta ved verkstaden. Styret vel revisor for stiftinga.

§ 5 Strategiutval

Oselvarverkstaden har eit strategiutval på minst fem personar, alle oppnemnde av styret. Strategiutvalet arbeider etter eit mandat gjeve av styret for verkstaden.

§ 6 Dagleg leiing

Styret tilset dagleg leiar, som skal fungere som sekretær for styret og står for den daglege drifta av Oselvarverkstaden. Det gjeld og produksjonsplanlegging, økonomistyring og organisering av arbeidet på verkstaden.

STYRETS ARBEID

Styret i meldingsåret 2025 har vore:

Leiar:	Henrik J. Askvik	<i>Oppnemnd av styret</i>
Nestleiar:	Stig Morten Frøiland	<i>Oppnemnd av Vestland fylkeskommune</i>
Medlem:	Frode Herseth	<i>Oppnemnd av Bjørnafjorden kommune</i>
Medlem:	Terje Planke	<i>Oppnemnd av styret</i>
Medlem:	Stig Salbu Henneman	<i>Vald av dei tilsette</i>

Styremøter

Styret har hatt fem møter med 41 saker i 2025.

Møtedatoar var 18. februar, 3. juni, 16. mai, 4. november (ekstraordinært) og 25. november.

Budsjettmøte

Det har ikkje vore budsjettmøte med Vestland fylkeskommune og Bjørnafjorden kommune i 2025, men vi har hatt god kontakt med både kommune og fylke, på e-post og telefon gjennom heile året.

For 2025 fekk vi tilskot på **kr 1 237 000,-** frå **Bjørnafjorden kommune** og **kr 1 963 192,-** frå **Vestland fylkeskommune**.

Rekneskap: Vi brukar **PowerOffice** i rekneskapsføringa. **Tind Økonomi AS** er rekneskapsfører og revisor er **Os Revisjon ANS**.

Dette er dei viktigste sakene styret for Oselvarverkstaden har handsama i 2025:

- Arbeid med utforming av nye vedtekter og nytt styre for Stiftinga Oselvarverkstaden
- Samarbeid med «Interimstyre for eit nytt Oselvarsenter»
- Produksjon, økonomi, lærlingar, HMS, mm

STRATEGIPLAN

Strategiplanen vart samrøystes vedteke **24.09.2018**. Planen er ikkje tidsavgrensa, men kan reviderast når styret ser det tenleg. Strategiområda med tilhøyrande mål og tiltak er meint som eit styringsverktøy som skal gjenspeglast i budsjett og handlingsplanar.

STRATEGIOMRÅDE

Lærlingestrategi:

Vi skal være ein opplæringstad som tar vare på og utviklar handverket og ha som mål til ein kvar tid å ha to lærlingar i arbeid.

Brukarstrategi:

Vi skal være eit kompetansesenter som er tilgjengeleg for båtbrukarane. Vi skal i samarbeid med kommunen legge til rette for at born og unge skal bli kjent med Oselvaren.

Kompetansestrategi:

Vi skal ha kompetanse på bygging av alle typar Oselvar-båtar. Vi skal ta vare på og utvikle spisskompetanse i faget. Vi ønskjer ei kontinuerleg fagleg utvikling av dei tilsette, og skape eigarskap til eigen arbeidsplass.

Sponsorstrategi:

Vi vil utvikle ein sponsorstrategi som stimulerar til samarbeid mellom næringsliv, privatpersonar, lag og organisasjonar. Arbeide aktivt i samarbeid med sponsorar for å spreie informasjon om Oselvaren og arbeidet til Oselvarverkstaden.

Formidlingsstrategi:

Vi skal delta på messer og festivalar, dokumentere arbeidet vårt med tekst, film og bilete. Vi skal ha tett dialog med kommunen og fylkeskommunen for felles formidling av Oselvartradisjonen. Vi skal lage gode nettsider med relevant informasjon om arbeidet vårt.

Nettverksstrategi:

Vi skal være ein del av fleire nettverk for formidling av handverk og norske tradisjonsbåtar. Oselvarverkstaden er med i desse nettverka per 31. desember 2024:

Forbundet Kysten - Tore Friis-Olsen - tore@kysten.no

Håndlaget / Economusee

UNESCO-nettverk Vestland

Nettverk for de innskrevne UNESCO ICH elementene

Styringsgruppa for nytt Oselvarsenter

Samfunnsstrategi:

Vi skal være eit regionalt senter for oselvarar og mindre vestlandsbåtar. Sikre Oselvarverkstaden si historiske rolle og posisjon i kommunen og i fylkeskommunen. Være ein del av nasjonale målsetningar for utdanning og formidling av norsk småbåttradisjon.

KOMMENTAR FRÅ

DAGLEG LEIAR

Drift og samarbeid

2025 har vore prega av stabil drift og eit tett og godt samarbeid mellom styret, båtbyggjarane, bruksmiljø og fagmiljø. Vi held fram med kjerneoppdraget vårt: å ta vare på, formidle og vidareføre båtbyggjartradisjonen gjennom praktisk arbeid i verkstaden.

Kikall-båten

Årets største prosjekt har vore bygginga av ein kopi av Kikall-båten frå om lag 1880 – ein tradisjonell firkeiping frå Austfjorden i Nordhordland. Båten er sju meter lang og rigga med råsegl, og representerer ein lokal variant av opne bruksbåtar frå vestlandskysten.

Nybygget, som ikkje er ein oselvar, er bygd på tradisjonelt vis av båtbyggjar Leif Harald Amundsen. Oppdragsgjeverar har vore Lindås, Meland og Radøy sogelag, og prosjektet har fått økonomisk støtte frå **Forbundet Kysten og Sparebankstiftelsen DNB**. Oppdraget har styrkt verkstaden fagleg og gitt oss verdifull erfaring.

Kulturministeren på besøk

Kulturminister Lubna Jaffery vitja Oselvarverkstaden 1. april 2025 i samband med overlevering av ein nybygd oselvar til Bergen og Hordaland Turlag – DNT.

Også denne båten er bygd med støtte frå Forbundet Kysten og Sparebankstiftelsen DNB, og skal ha tilhald på Rongevær kysthytte i Austrheim. Under besøket peika kulturministeren på at oselvaren er eit viktig symbol på den rike kystkulturen i regionen, og at bestillinga frå DNT er eit godt døme på samspel mellom tradisjonshandverk og moderne friluftsliv.

Synlegheit i sosiale medium

Den digitale rekkevidda held fram med å auke. Ved utgangen av 2025 hadde vi:

- 24 650 følgjarar på Facebook
- 5 700 på Instagram
- 1 100 på TikTok

Sosiale medium gir oss høve til å dokumentere handverket, synleggjere kvardagen i verkstaden og nå ut til både fagmiljø og nye publikumsgrupper – utan store kostnader.

Vedtektsarbeid

Styret har, i samarbeid med «Styringsgruppa for eit nytt Oselvarsenter», revidert vedtektene og utvida styret. I framtida vil styret ha sju medlemmar, der to representerer brukargruppene. Målet er tettare samarbeid med brukarane, større vekt på UNESCO-statusen og betre samsvar mellom formål, drift og rolla som fagmiljø innan både bygging og bruk.

Økonomi og rammevilkår

Drifta har vore stabil, men kostnadene har auka meir enn støtta til drift, dette gjort økonomien meir krevjande. Vi har og hatt store utfordringar med å få tak i kobbarsaum, også dette påverka drifta.

Prioriteringar framover

I året som kjem vil vi:

- tilsetje ny båtbyggjar og ta inn ny lærling
- prioritere fagleg fordjuping, formidling og synleggjering
- styrkje samarbeidet med brukargrupper, museum, kystlag og skulemiljø
- fortsette arbeidet med planar for eit nytt Oselvarsenter

Vidar Langeland
Dagleg leiar

TILSETTE 2025



Leif Harald Amundsen
båtbyggjar



Stig Henneman
*båtbyggjar/
fagleg leiar*



Vidar Langeland
dagleg leiar



Jostein Magnesen
lærling



Jørn Bøe
lærling

Leif Harald Amundsen og **Stig Salbu Henneman** har hatt 100% fast stilling som båtbyggjarar. **Sylvia Vangsnes** har vore tilsett som reinhaldar i 6,6 % stilling. **Vidar Langeland** har hatt 100% stilling som dagleg leiar. **Jostein Magnesen** og **Jørn Bøe** har vore lærlingar i 2025, begge blir ferdig med læretida sommaren 2026.

VERKSTADEN

Oselvarverkstaden er ei sjølvstendig stifting som får økonomisk støtte frå **Vestland fylkeskommune** og **Bjørnafjorden kommune**. Verkstadslokala er eigd av Bjørnafjorden kommune, stiftinga betalar ein årleg husleige som ligg fast på 200 000 kr per år. I tillegg leiger vi lagerlokale og uteområde for lagring og saging av tømmer i Hegglandsdalen.

Avtale med Bjørnafjorden kommune

Me har kontrakt med Bjørnafjorden kommune om leige av bygget, kommunen har ansvar for straum, wifi og vedlikehald av bygg og uteområde.

Tariffavtale og kontrakt

Dei tilsette ved Oselvarverkstaden har tariffavtale gjennom Fellesforbundet og AFP-ordning gjennom KLP. Lærlingane har lærekontrakt, som er godkjend av Vestland fylkeskommune, direkte med Oselvarverkstaden. Teoriundervisning får lærlingane i Norheimsund i samarbeid med Hardanger Fartøyvernssenter.


Stadig fokus på arbeidsmiljø

Me er for tida berre to båtbyggjarar, to lærlingar og ein tilsett i administrasjonen. I 2026 planlegg vi å tilsette ein ny båtbyggjar og ein ny lærling.

Vi har begrensa plass på verkstaden, men vi har no fjerna dørene til lakkrommet og har dermed fått fire byggjeplasser. Vi skulle helst hatt meir plass til omvisning for å ta imot skuleklassar, turistar, studentar og andre besøkjande.

«Styringsgruppa for eit nytt Oselvarsenter» og styret ved Oselvarverkstaden har i heile 2025 arbeidd med endring av vedtekter og nytt styre (for Oselvarverkstaden). Dette gjer vi for å få brukargruppene betre representert. «Styringsgruppa for eit nytt Oselvarsenter» besto i 2025 av leiar Henrik Askvik (Oselvarverkstaden), Andreas Iversen (Oselvarklubben), Knut Ove Gjersvik (Njord /Tysnes), Siri Hansson (Vestland Fylkeskystlag), og Geir Jonassen (Oselvarlaget).

ØKONOMI



Oselvarverkstaden har så langt klart seg gjennom både dyrtid og krevjande marknad. Men personal- og pensjonskostnadene har auka mykje meir enn tilskota.

I 2025 fekk vi **kr 1 237 000** frå Bjørnafjorden kommune og **kr 1 963 192** frå Vestland fylkeskommune. Avtalen mellom kommunen og fylket om finansiering av Oselvarverkstaden inneber at Bjørnafjorden kommune skal bidra med **40 %** og Vestland fylkeskommune med **60 %**. Planen var at avtalen frå 2007 skulle reforhandlast innan tre år. Dette har enno ikkje skjedd.

Oselvarverkstaden er no svært sårbar med berre to ferdig utdanna båtbyggjarar. H austen 2026 vil vi tilsetje ein ny båtbyggjar. Dersom vi samstundes skal ta inn nye lærlingar, vil dette bli økonomisk krevjande. Vi treng difor ein auke i tilskota.

Salgsinntekt 2025:	840 649	mot 2024:	577 635
Sum driftsinntekter 2025:	4 226 670	mot 2024:	3 936 771
Varekostnad 2025:	246 469	mot 2024:	-16 920
Lønnskostnad 2025:	3 139 544	mot 2024:	2 900 056
Andre driftskostnader 2025:	743 197	mot 2024:	669 298

Resultatet visar eit overskot pr. 31.12.2025 på **kr 60 924**
Samanlikna med 31.12.2024 då det vart eit overskot på **kr 269 786**

Sjå årsrekneskap for 2025 for fleire detaljar.

PRODUKSJON

Oselvarverkstaden har levert ein æring, ein færing og ein Nordhordlandsbåt (firkeiping) i 2025

Bygg nr 117 : Færing 10 alen, ubehandla robåt, til Bergen og Hordaland Turlag, bygd av Stig Salbu Henneman og Jørn Bøe.

Bygg nr 118 : Æring 8 alen, ubehandla kombibåt med full rigg og Brodersen segl, til Oselvarlaget, bygd av lærling Jostein Magnesen og Stig Salbu Henneman.

Bygg nr 119 : Nordhordlandsbåt (7 meter), tjørbebehandla kopi av Kikall-båten frå Nordhordland, bygd av Leif Harald Amundsen med litt hjelp frå andre på verkstaden.

Ordretilgang

Ved årsskifte, 2025/2026 har vi fire færingar i produksjon. To regattabåter, ein skal til Milde Båtlag og ein til Båtlaget Njord/Tysnes. Vi har og to vanlege færingar i produksjon, dei er bestilt av privatpersonar. Det var lågare etterspørsel etter oselvar i 2025, vi trur dei neste åra kan bli krevjande for alle trebåtbyggjarane i landet.

Tømmer/ tilgang på material

Vi hogg tømmer i Rolvsvåg i januar og fann innved i Lyseparken (Endelausmarka) litt seinare på våren. Saging og lagring av material skjedde som vanleg ved lageret i Hegglandsdalen.



Til venstre: Leif Harald legg siste hand på firkeipinga (åttningen). Til høgre: Kulturministeren på besøk: – Båtliv er ein viktig del av friluftslivets år, sa Lubna Jaffery då ho besøkte Oselvarverkstaden 1. april 2025. Denne dagen fekk ho æra av å avduka den nye oselvaren som vi har bygd for Bergen og Hordaland Turlag DnT.



I november fekk vi besøk av ein gruppe lærare og elevar frå Skeppsholmens båtbyggarskola. Dei arbeider no med to oselvare på folkehøgskulen i Stocholm.

LÆRLINGAR

Jørn Bøe og **Jostein Magnesen** starta læretida si 1. september 2023. Dei er ferdig med læretida i mai og september 2026. Begge skal avleggje fagprøve vår/sommar 2026

Både Jørn og Jostein er dyktige handverkarar og har solid bakgrunn frå før dei starta som lærlingar. Me er heldige som har så flinke og entusiastiske lærlingar og elles svært stabil arbeidskraft.

MARKNADSFØRING

I 2025 har vi hatt litt annonsering på Facebook og Google. Filmar og videoar og andre meir kuriøse saker legg vi på Facebook, Instagram og nokre ganger på TikTok. I 2025 hadde vi ca **65 Facebook-innlegg**. Den meste sette videoen har **1,8 millioner visninger berre på Instagram**. Videoen er i tillegg sett mange hundre tusen gonger på både Facebook og TikTok.

Facebook **24 500** følgjarar
Instagram **5 700** følgjarar
TikTok **1 100** følgjarar

Besøk på nettsida: oselvarverkstaden.no hadde omlag 3500 besøk i 2025.

Norske besøkjande topper lista med 63 %, deretter kjem USA med 9 % Storbritannia 5%.

Vi har altså eit internasjonalt publikum. Nettstaden er delvis omsett til engelsk. I dag kjem 60 % av besøka frå mobiltelefon, resten frå datamaskin eller nettbrett.

Litt statistikk frå Facebook:

24 667 Totalt antall følgere ⓘ


+42,9 % fra de siste 365 dagene



Alder og kjønn ⓘ


Totalt

● Kvinner ● Menn ● Ukjent




Byer ⓘ

Totalt



Land ⓘ

Totalt



FORMIDLING

Omvising på verkstaden

2025 har vi hatt greit med besøk. Vi har hatt mange skuleklassar og grupper frå lag og organisasjonar på besøk. Mange av besøkta er trebåtentusiastar som kjem uanmeldte.



UNESCO-ruta Vestland: Oselvarverkstaden, saman med andre verksemder i Vestland fylke, som har UNESCO-status eller søker om UNESCO-status, samarbeider om å lage ei reiserute for kulturinteresserte turistar. Det er Nordhordland Biosfæreområde som leiår arbeidet.

Kulturminister Lubna Jaffery besøkte Oselvarverkstaden i april, for å markere overlevering av ein nybygd oselvar til Bergen og Hordaland Turlag – DNT. Færingen skal ha tilhold ved Rongevær kysthytte i Austrheim. - Oselvaren er eit symbol på

den rike kulturhistorien i regionen og dette markerer eit viktig samarbeid mellom tradisjonshåndverk og moderne friluftsliv sa kulturministeren under besøket.

Ungdom frå Lysefjorden Oselvarlag heldt Oselvarverkstaden og Oselvarnaustet oppe fire veker i sommar då båtbyggjarane hadde ein velfortjent ferie.

Risør Trebåtfestival (til v.): I byrjinga av august tok Jostein og Vidar med seg ein oselvar og reiste på festival i Risør. Standen vår var strategisk plassert og blei godt besøkt.





Etter ein to timers tur, kan Austfjordbåten bli land ved Eikangervågen. Styrmann Geir Jonassen og marer Jakob Mjølhusen, Jan Ege, Ingunn Engny, Nina Welle, Stig Salbu Henneman og Leif Harald Amundsen. Foto: Mervin Tveit



Revisor Erik Otto Soll og tre andre på kaien. Foto: Nina Welle, Ingunn Engny, Jan Ege, Jan Erik Mjølhusen og Stig Salbu Henneman. Foto: Mervin Tveit



Konfirmanten gikk frå Steinstoto til Eikangervågen. Foto: Mervin Tveit



Leif Harald Amundsen er høytbyggen som har stått for det meste av arbeidet. Foto: Vidar Longstau



Ny og gammel. Den utgående Austfjordbåten er frå 1988 og no midten for museum. Difor er det bygd ei nybygde kopi til bruk i undervisning. Det er Oselvarverkstaden som har stått for bygginga. Foto: Vidar Longstau

Austfjordbåten har fått nytt liv

Med storke åretak siklet det nybygde fartøyet av typen «Austfjordbåt» inn til kaien på Eikanger. Båten, som er ein kopi av den originale Austfjordbåten, er bygd i samarbeid med Meland, Landa og Nadey roping.

Rykthistorie

MELEDE TVEIT

Den første båten, som blei bygd i 1988, var bygd av Oselvarverkstaden i Os. Den blei bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene.

Denne var bygd i mellom partane i Austfjord, og den blei bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene.

FAKTA: KOKALLBÅT/AUSTFJORDBÅTEN

- Typen Fiskekiping (kåting), 1850-1950
- Lengd: Ca. 7 meter
- Bygd: Ca. 1880, Austfjorden
- Bygget: For Jonsson Rikard
- Bygget: 2024-25, Oselvarverkstaden
- Verktøya: Historiske Tradisjonelle, lokalt produserte
- Landa, Meland og Nadey Roping og pålegg til prosjektet. Opplysningsvesenetskontoret, Fylkeskommunen og Fylkesbiblioteket til 2024 har bidratt.
- Bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene.

Den nye båten er bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene. Den var bygd av trene, og den var bygd av trene.



Bygd og bygd i Oselvarverkstaden. Foto: Mervin Tveit

September 2025: Vi fekk god merksemd i avisa Strilen då vi samla ein gjeng og kom sjøveien med den nybygde Austfjordbåten til kaien i Eikangervågen.



Maritimt verktøyseminar: I slutten av november 2025 var temaet «Dekor i småbåter og fartøy» Peter Helland-Hansen frå Hardanger Fartøysenter var som vanleg kursleiar. Under årets verktøy-djupdykk tok deltakarane for seg dekor i båtar og fartøy, og alle fekk laga seg ein strekvedkrok og høvel. Det var tre deltakarar frå Oselvarverkstaden. (Foto frå Hardanger Fartøysenter)

OPPLÆRING/UNDERVISNING



Oselvardagane 2025 vart arrangert i samarbeid med Oselvarlaget og Os Rotaryklubb.

HÅNDLAGET

HÅNDLAGET Norge er del av eit internasjonalt kvalitetsnettverk som blei utvikla i Quebec i Canada. Nettverket består av nærare 100 handverksbedrifter frå Canada og Europa som samarbeidar og tar vare på gamle handverkstradisjonar. Det er i dag fjorten norske medlemsbedrifter, men fleire er på veg inn i nettverket. Dagleg leiar i Oselvarverkstaden var styremedlem i Håndlaget hausten 2025, leiar er Lisbeth Iversen.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Vi har ikkje hatt alvorlege hendingar eller fráværsskadar i 2025. Oselvarverkstaden har bedriftshelseavtale med **BHT Bergen**. Vi fekk besøk og vernerunde med BHT-Bergen 3. februar 2025.

GENERELT FOR OSELVARVERKSTADEN

a) Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

b) Arbeidsmiljø

Overflatebehandling: Overflatebehandlinga går føre seg i eige rom med mekanisk utlufting.

Arbeidstakarane bruker maske, overtrekksdress og hanskar under arbeidet. I 2024 har vi ikkje brukt lakkrommet.

Maskiner og støy: Maskinene er merkte etter forskrifter. Arbeidstakarane har påbod om å bruka høyrslvern og vernebriller når maskinene er i bruk.

Sjuefråvær og skadar: Sjukefråvær blant tilsette og lærlingar var på ca 3,26 prosent i 2025. Vi har ikkje hatt arbeidsuhell eller skade der tilsette har fått medisinsk tilsyn i meldingsåret.

Det er utarbeidd risikoanalyse og skriftlege rutinar for risikoreduserande tiltak ved skogsarbeid. Desse er godkjende av Arbeidstilsynet. Oselvarverkstaden har avtale med "**BHT, Bedriftshelsetjeneste Bergen**" om bedriftshelseteneste.

c) Likestilling

Stiftinga har for tida to fast tilsette båtbyggjarar to lærlingar og ein i administrasjonen, alle er menn. I styret for Stiftinga Oselvarverkstaden har det vore fem menn i meldingsåret.

d) Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra særleg påverknad på det ytre miljøet. Det har ikkje vore hendingar med utslepp til ytre miljø i 2025.

e) Økonomi

Salgsinntekt 2025:	840 649	mot 2024:	577 635
Sum driftsinntekter 2025:	4 226 670	mot 2024:	3 936 771
Varekostnad 2025:	246 469	mot 2024:	-16 920
Lønnskostnad 2025:	3 139 544	mot 2024:	2 900 056
Andre driftskostnader 2025:	743 197	mot 2024:	669 298

Resultatet visar eit overskot pr. 31.12.2025 på **kr 60 924**
Samanlikna med 31.12.2024 då det vart eit overskot på **kr 269 786**

Sjå årsrekneskap for 2025 for fleire detaljar.

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Osøyro, 25 mars 2026

Vidar Langeland
Dagleg leiar

Henrik J. Askvik
Styreleiar

Stig Morten Frøiland
Nestleiar

Terje Planke
Styremedlem

Stig Salbu Henneman
Styremedlem

Frode Herseth
Styremedlem

